

SAMARBEIDSAVTALE

mellom

Meland kommune

og

..... barnehage, orgnr.

1. FORMÅL

Denne samarbeidsavtalen (heretter "avtalen") skal bidra til eit godt samarbeid mellom barnehagen og kommunen, i tråd med barnehageloven sine føresegner, tilhøyrande forskrifter og eventuelle lokale retningslinjer.

Avtalen skal bidra til å sikre eit kvalitetsmessig godt og trygt tilbod for både barn og foreldre/føresette. Avtalen skal bidra til at barnehagetilbodet i kommunen vert så enkelt og oversiktleg som mogleg, og i størst mogleg grad framstår som eitt heilskapleg tilbod som rommar variasjon og fleksibilitet. Føremålet med dette er å sikre at foreldra/føresette sjølv kan velgje eit tilbod med det innhald og dei kvalitetar dei ynskjer.

2. SAMARBEID OM OPPTAK OG INFORMASJON OM TILBODET

2.1 Generelt

Kommunen skal leggje til rette for ein samordna opptaksprosess, der det vert tatt hensyn til barnehagane sitt mangfald og eigenart. Opptak i barnehagen skjer i samsvar med barnehagen sine vedtekter og skjer gjennom samordna opptak i kommunen, jf barnehageloven § 12.

Barnehagen skal fortløpande gje kommunen informasjon om ledig kapasitet, om barn på ventelista og om opptak som skjer utanom hovudopptak.

Kommunen skal, etter drøfting med barnehagane i kommunen, fastsetje rutine for søknad om opptak.

Kommunen skal på best mogleg måte gje barnehagen løpande tilgang til dei opplysningar i tilknytting til opptaket som gjer barnehagen i stand til å vurdere/kontrollere at opptaket skjer på ein likeverdig måte.

2.2 Tilbodsoversikt

Innan 1. januar kvart år skal barnehagen skriftleg gje kommunen ei orientering om opningstider, prisar, depositum, andelsinnskot, ferieavvikling, deling av plassar og skildring av tilbodet.

Seinast 1 månad før søknadsfristen for hovudopptak skal kommunen gjera tilgjengeleg eit heilskapleg og likearta oversyn over tilbod som vert gjevne i alle barnehagar i kommunen.

2.3 Opptak

Samordna opptak skal ha som mål å imøtekomme foreldre/føresette sitt ynskje om barnehagetilbod, herunder ved søknad om plass og ved ynskje om byte av barnehage.

Etter opptak i høve sine egne vedtekter skal barnehagen - i samarbeid med kommunen - tilstrebe at born med rett til plass i barnehage etter barnehageloven § 12a får plass.

Born med nedsett funksjonsevne og born som det er fatta vedtak om etter barnevernloven § 4-12 og § 4-4 andre og fjerde ledd, har prioritet ved opptak, i samsvar med barnehageloven § 13.

I den utstrekning born med nedsett funksjonsevne ikkje kan bli tatt opp i sin opptakskrets i samsvar med foreldre/føresette sine ynskje, fordeler kommunen borna mellom barnehagane i kommunen.

3. MODERASJONSORDNINGAR

3.1 Generelt

Moderasjonsordningar inneber redusert opphaldsbetaling for foreldre/føresette i visse situasjonar som kommunen kompenserer barnehagen for.

3.2 Syskenmoderasjon

Kommunen kan kreve at barnehagen tilbyr syskenmoderasjon i samsvar med dei bestemmelsar som kommunen fastset. Barnehagen får kompensert reduksjonen i foreldrebetaling knytta til syskenmoderasjon etter spesifisert rekning til kommunen.

3.3 Inntektsgraderte satsar

Kommunen kan ha ei ordning som tilbyr familiar med låg betalingsevne, reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling (inntektsgraderte satsar). Barnehagen får kompensert reduksjonen i foreldrebetalinga knytta til slike inntektsgraderte satsar, etter spesifisert rekning til kommunen.

3.4 Kommunale bestemmelsar om moderasjonsordningar

Kommunen sine bestemmelsar/vedtak om syskenmoderasjon og inntektsgraderte satsar følgjer som vedlegg til denne avtale.

Born busett i andre kommunar vert gjevne moderasjonsordningar i henhold til avtale mellom dei berørte kommunar.

3.5 Barn med spesialpedagogisk hjelp

Eventuell redusert foreldrebetaling som følgje av at born mottek spesialpedagogisk hjelp etter opplæringsloven § 5-7, skal barnehagen få kompensert etter spesifisert rekning til kommunen.

4. KOMMUNEN SINE ØVRIGE FORPLIKTELSAR

4.1 Kommunalt tilskot til ordinær drift

Barnehagen har rett til kommunalt tilskot til ordinær drift som skal dekke kostnader som ikkje vert dekket av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling. Kostnader til ordinær drift er driftskostnader, kapitalkostnader og administrasjonskostnader. Kommunalt tilskot til ordinær drift er nærare regulert i forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010, og i eventuelle lokale retningslinjer, jf punkt 4.2.

Begge partar skal bidra til at prosessen med bestemming av kommunalt tilskot vert open og tillitsvekkjande. Barnehagen skal ha innsyn i saksbehandlingen og høve til å komme med innspel på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, i tråd med forvaltningsloven og alminnelige forvaltningsrettslege prinsipp. På denne måten skal ein sikre riktig beslutningsgrunnlag, effektiv saksbehandling og forutsigbarhet, og redusere risiko for uenighet og trong for etterfølgjande justeringar. Kommunen skal treffe vedtak om utmåling av tilskot for barnehagen uten ugrunna opphald, og normalt innen utgangen av februar det einstilte år. Utbetaling av tilskot kan skje i rater, fastsett av kommunen, gjennom driftsåret.

4.2 Rapportering – eventuelle lokale retningslinjer

I medhald av forskrift om likeverdig behandling § 7, kan kommunen utforme lokale retningslinjer der antal rapporterings-/telletidspunkt pr. år framgår, og kva endringar som fører til justert tilskot. Avrekning og utbetaling av justert tilskot er basert på dei faktiske tidspunkt endringar har skjedd. Slike retningslinjer skal skape god fleksibilitet for barnehagebrukarane (foreldre/føresette) og samtidig forutsigbarhet for dei private barnehagane og kommunen som barnehagemyndighet. Dette i tråd med dei føresetnader og omsyn som barnehageloven med tilhørande forskrifter byggjer på. Samtidig skal desse retningslinjene bidra til å oppfylle det politiske målet om full barnehagedekning.

For å ivareta dei ovannemnde hensyn på ein god måte, bør kommunen regulere fleire teljetidspunkt, ut over 15.12, samt angi eit endringsmeldingssystem i dei lokale retningslinene. I vedlegg til informasjonsbrev frå KS og PBL til denne mønsteravtalen, er det vedlagt eksempel på retningsliner som KS og PBL meiner ivaretar dette på ein god måte.

4.3 Kompetanseutviklingstiltak

Kommunen bør gje barnehagen tilbod om å delta i generelle kompetanseutviklingstiltak på lik line med personalet i dei kommunale barnehagane.

4.4 Andre tilskotsordningar

Barnehagen søker kommunen om naudsynt tilskot til tiltak for born med nedsett funksjonsevne eller til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege born i henhold til eigne bestemmelsar om dette.

5. BARNEHAGENS ØVRIGE FORPLIKTELSAR

5.1 Vedtekter

Eit eksemplar av barnehagen sine vedtekter etter barnehageloven er levert til kommunen. Eit eksemplar av eventuelle vedtekter knytta til sammenslutningsform vert levert kommunen.

5.2 Rapportering / økonomisk informasjon

Barnehagen skal, uten ugrunna opphald, gi kommunen den økonomiske informasjon den har krav på i henhold til lov og forskrift, herunder rapportering i henhold til punkt 4.2 over. Endringar i barnehagen sitt refusjonsgrunnlag etter kommunen sine moderasjonsordningar skal verte rapportert i tråd med kommunen sine bestemmelsar/vedtak om dette.

5.3 Kurs, etter- og videreutdanning

Det er eit arbeidsgjevaransvar å sørge for personalutvikling og tilrettelegging av slik utvikling gjennom kurs, etter- og videreutdanning.

5.4 Varslingsplikt ved opphør

Dersom barnehagen vil innstille virksomheten, skal varsel verte sendt foreldre/føresette og kommunen snarast. Ved planlagt avvikling skal dette skje på ein måte, og innan fristar, som ivaretek borna sine, foreldre/føresette sine og kommunen sine interesser på ein best mogleg måte.

5.5 Opphør av drift

Dersom barnehagen avslutter drifta uten å overføre drifta til annan ikkje-kommunal barnehage, skal barnehagen på eige initiativ - og så tidlig som mogleg - tilby kommunen å kjøpe bygning, fastmontert utstyr og driftstilbehør innandørs og utandørs og/eller tomt, som barnehagen eventuelt eig. Kommunen skal og få tilbod om å tre inn i eventuell festekontrakt til tomt. Kommunen har ikkje plikt til å nytte seg av tilbodet.

Vederlaget for kommunen sine eventuelle kjøp etter første ledd er fastsett i samsvar med bestemmelsane i ekspropriasjonsloven av 6. april 1984 nr. 17 § 5 første og andre ledd. Dersom kommunen tidlegare vederlagsfritt eller til underpris har gjeve barnehagen bygning, fastmontert utstyr og driftstilbehør innandørs og utandørs og/eller tomt til barnehagedrift, skal kommunen i oppgjøret godskrivast den verdi dette representerer på det tidspunkt drifta opphører.

Dersom bygning og/eller tomt blir lyst ut for sal, har kommunen forkjøpsrett til ein pris som framgår av andre ledd ovanfor. Denne avtalen om forkjøpsrett kan tinglysast.

5.6 Attestar

Kopi av skatte-/avgiftsattest skal leverast til kommunen på førespurnad.

6. FORMALITETAR VED AVTALEN

6.1 Avtaleperiode

Denne avtalen gjeld så lenge barnehagen er godkjend og vert driven i samsvar med lov om barnehagar.

6.2 Misleghald

Ved vesentleg misleghald kan samarbeidsavtalen seiast opp straks.

Ved anna misleghald som gjev sakleg grunn til å bryte avtalen, kan denne seiast opp med ein månads varsel.

6.3 Endringar

Dersom vilkåra for barnehagedrift vert endra vesentleg ved lov eller forskrift, kan kvar av partane kreve forhandlingar om tilpassing av avtalen. Bli partane ikkje enige i slike tilfeller, kan avtalen seiast opp med tre månaders skriftleg varsel. For øvrig kan avtalen verte endra når partane er enige om det.

6.4 Tvisteløysing

Partane skal prøve å løyse eventuelle tvistar knytt til avtalen ved forhandlinger seg imellom, eventuelt med bistand frå KS og barnehagen sin organisasjon/eigar.

For øvrig gjeld ordinære reglar om søksmål etter tvisteloven for tvistar knytt til denne avtalen.

Twist om tildeling av tilskot etter barnehageloven § 14 og forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010, er undergitt forskrifta sin bestemmelse om administrativ klage, og eventuelt ordinære reglar om søksmål.

Sted: Dato:

Underskrifter:.....

Meland kommune

Barnehaven